

Florø, 16.11.2015

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkestingsmedlemmene

6863 LEIKANGER

Eigarposisjonen til Fjord1 AS

Styret i Fjord1 AS har drøfta saksframstillinga og tilrådinga frå fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane om eigarposisjonen i Fjord1 AS (jf. sak 15/8067-20) og vil i den samanhengen uttale følgjande:

Direkte eller indirekte overdraging av eigarinteresser til ein konkurrent tener verken selskapet eller aksjonærfellesskapet. Fjord1 AS er i dag den største og leiande aktøren i den innanlandske ferjeferdinga. Om det skal skje ein ytterlegare konsentrasjon, frå fire til tre aktørar, utan at nødvendig konkurranse i anbudsregimet blir undergraven, bør Fjord1 AS vere overtakande selskap eller på annan måte vere førande i konsolideringa slik at



kostnads- og inntektssynergier først og fremst kjem aksjonærfellesskapet vårt til gode.

Eit sal til Torghatten kan vere krevjande å få godkjent av Konkurransetilsynet. Usikkerheit og ventetid på utfallet vil vere uheldig for selskapet og gjere det umogleg for Fjord1 AS å delta i bransjestrukturelle endringar.

Ein konflikt i rettsapparatet mellom dei to eigarane i Fjord1 AS vil vere skadeleg for selskapet.

Ein aksjonæravtale mellom to av tre eigarar vil vere kimen til vedvarande motsetningsforhold og konflikt så lenge fylkeskommunen har eigarskap i selskapet. Styret i F1 Holding AS vil bli det reelle styret for Fjord1 AS utan at administrasjonen og styret i Fjord1 AS vil spele ei sentral rolle i det avgjerande styrearbeidet. Ei slik løysing vil vere skadeleg for god eigarstyring og god selskapsleiing.

Fylkeskommunen har brukt lang tid på å greie ut og vurdere eigarposisjonen med tanke på eit eventuelt sal. Selskapet har aldri vore spurt om kva som vil vere til det beste for Fjord1 AS.

Selskapet er heller ikkje blitt bedt om å medverke til å finne kjøparar til eigarposten til fylkeskommunen eller til F1 Holding AS.

Fjord1 AS er ein av dei største næringsaktørane i Sogn og Fjordane med eigarskap og leiingsfunksjonar forankra i fylket. Selskapet har mange attraktive arbeidsplassar og



kjøper mykje varer og tenester i Sogn og Fjordane. Styret konstaterer at det ikkje blir lagt vekt på desse sentrale momenta i tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Ferjenæringa har naturgitte føresetnader for å lykkast i kyst- og fjordområda. Knapt nokon stad i verda er det maritime miljøet og dei geografiske føresetnadene så gode som her for å utvikle eit godt og lønsamt ferjeselskap. Fjord1 AS er vel posisjonert for å møte internasjonal konkurranse på heimemarknaden, og dei gode resultatane selskapet no oppnår, kan gi moglegheiter for forretningsdrift også utanfor norske farvatn dersom det er ønskjeleg.

Det er framleis vekst i ferjemarknaden her til lands. Sjølv om nokre samband blir erstatta av tunnelar og bruer, vil det i lang tid framover vere stort behov for dei tenestene som selskapet yter.

Fjord1 AS har delteke aktivt i etableringa av The Fjords saman med Flåm AS. Dette er eit godt eksempel på "industrialisering" av reiselivsverksemda. Reiseliv er ei næring i vekst både nasjonalt og internasjonalt. Det ligg eit stort potensial for vekst på dette området for Fjord1 AS. I saksframstillinga frå fylkesrådmannen er ikkje dette sentrale momentet lagt vekt på.

Fjord1 AS har ambisjon om å vere den dominerande aktøren med å etterleve skjerpa miljøkrav og å innfri nye





forventningar til miljøvennleg åtferd innanfor transportsektoren.

Sikkerheit for passasjerar og tilsette har førsteprioritet for selskapet. Fjord1 AS får lovord frå Sjøfartsdirektoratet og Statens vegvesen for arbeidet med sikkerheit på ferjer og hurtigbåtar.

Fjord1 AS har ein mykje god forretningsposisjon i åra fram til og med 2018 å grunn av allereie tildelte oppdrag. Det gir selskapet ein solid kontantstraum desse åra. Om selskapet får utvikle seg utan at ein konkurrent kjem inn på eigarsida, vil Fjord1 AS vere sterkt posisjonert for strukturelle endringar og ytterlegare konsentrasjon i ferjenæringa. Sjansane får å vinne framtidige anbod på viktige samband er svært gode. Eksisterande materiell kan utviklast vidare. Nytt materiell kan skaffast. Kompetansen i selskapet er mykje tilfredsstillande. Det er følgjeleg ikkje grunnlag for å teikne eit dystert framtidsbilete for Fjord1 AS etter 2019 slik det langt på veg blir gjort i saksdokumentet frå fylkesrådmannen.

Med helsing

Fjord1 AS

Reidar Sandal
styreleiar


Dagfinn Neteland
adm. direktør

